

! Frå 1. januar 2020 blir RFF Vestlandet delt i RFF Vestland og RFF Rogaland.

[RFF Vestland har nå fått ny nettside.](#)

Prosjekt med tilhøyre i Rogaland vil inntil vidare finne den viktigaste informasjonen om rapportering her på nettsida til "gamle" RFF Vestlandet.

VI HAR NYE E-POSTAR: Kontakt RFF Vestland på forsking@vlfk.no og RFF Rogaland på forskning@rogfk.no

Kva skjer med regionale forskingsfond på Vestlandet etter regionreforma?

Frå 2020 får kvart fylke sitt regionale forskingsfond. Fonda skal som tidlegare bidra til å styrke regionane si evne til forskning og auke FoU-innsats. Det vil ta tid før prioriteringar og utlysingar for dei i nye fonda i Vestland og Rogaland kjem på plass.

Publisert 22.11.2019

Del  | Last ned 

Regionalt forskingsfond (RFF) Vestlandet er eit av sju regionale forskingsfond og er eit samarbeid mellom dei tre fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Fondet har i hovudsak finansiert forskingsprosjekt og innleiate forskingsarbeid i bedrifter og kommunar. Saman med andre aktørar har fondet aktivt jobba for at bedrifter og kommunar skal samarbeide med forskingsinstitusjonar og ta i bruk forskning i sitt utviklings- og innovasjonsarbeid.

I 2020 vert det endringar som følgje av regionreforma. Kunnskapsdepartementet har sendt forskrift for Regionale forskingsfond til høyring. Det overordna målet er i hovudsak vidareførte: Tilskotsordninga skal styrke regionane si evne til forskning gjennom tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til auka FoU-innsats.

Kvart fylke skal få sitt eige fond og det vert opp til kvart fylke korleis dei ønskjer å styre og forvalte fondsmidlane. Forskrifta presiserer at bruken av tilskotsmidlane skal være forankra i regionale mål og strategiar. Det skal sikre at prioriteringane til fylkeskommunane er kopla til regionale forskingsbehov – slik fylkeskommunane sjølve definerer dei.

Forskringsrådet si rolle som samarbeidspart og kvalitetssikrar ligg fast. Det er rom for felles utlysingar av forskingsmidlar og anna type samarbeid på tvers av fylka. Samla årleg tilskott til ordninga og fordelinga mellom fylkeskommunane vert fastlagt i statsbudsjettet.

Prioriteringane for dei nye fonda er ikkje klare

Fylkestinga vil som tidlegare bestemme overordna mål og prioriteringar for kvart fond.

Rogaland fylkeskommune held fram som sjølvstendig fylkeskommune.

Ein samla regional planstrategi (utviklingsplan) for det nye fylket Vestland kjem ikkje på plass før hausten 2020. Det betyr at mål og prioriteringar for Regionalt forskingsfond Vestland for 2020 må bygge på eksisterande planar og politiske dokument.

Nye nettsider og nyhendebrev

Både RFF Rogaland og RFF Vestland vil få eigne nettsider og nyhendebrev. Meir informasjon om dette kjem seinare. Dersom du i 2020 ikkje finn dei nye nettsidene, kan du gå via [felles nettside for regionale forskingsfond](#).

Inga hovudutlysing i februar 2020

Det vert ikkje utlysing av hovudprosjekt (bedriftsprosjekt/kommunale prosjekt) i februar 2020. Det vert arbeidd med å til ei første utlysing av støtte til hovudprosjekt med søknadsfrist i september 2020 og prosjektoppstart frå 2021. Det er mogeleg, men ikkje vedteke om fonda i Rogaland og Vestland vil lyse ut kvalifiseringsstøtte/forprosjekt i løpet av fyrste halvår 2020.

I boksane finn du informasjon om:

- **Kor bedrifter kan få hjelp til å kome i gang med forskning**
- **Kor komunar kan få hjelp til å kome i gang med forskning**
- **Kva som skjer med dei aktive prosjekta når vi opprettar to nye fond**

Kor kan bedrifter få hjelp til å kome i gong med forskning?

Alle fylke har ordningar for bedrifter som har lite erfaring med å nytte forskning i sitt innovasjonsarbeid. Kompetansemekling er eit tilbod, der bedrifter kan få hjelp til å vidareutvikle prosjektidéar og finne relevante forskarar.

Inntil vidare finn du [oversikt over dei fylkesvise tilboda](#) på RFF Vestlandet si nettside. Denne informasjonen vil du etter kvart óg finne på dei nye nettsidene.

Kor kan kommunane få hjelpe til å kome i gong med forskning?

Fylkeskommunane har ikkje eit samla tilbod til kommunar som er interessert i å samarbeide med forskarar.

Innan **helse- og omsorgssektoren** finst det fleire nettverk og samanslutningar av kommunar som samarbeider om forskning og utvikling:

- Hordaland/Rogaland: [FOUSAM - FoU-enhet for samhandling](#) (Samarbeid i Helse-Fonna regionen)
- Hordaland: [Kunnskapskommunen - Helse Omsorg Vest](#) (Bergen og andre fleire kommunar i Hordaland)
- Rogaland: [Norwegian Smart Care Cluster](#) (Klyngesamarbeid mellom bedrifter og kommunar)

På andre område kan kommunar i nye Vestland (Hordaland og Sogn og Fjordane) ta kontakt med Randi Lotsberg på forsking@hfk.no

Meir informasjon for dei som har prosjekt i RFF Vestlandet

Alle aktive prosjekt vil verte delt mellom dei to nye fonda

Det betyr at alle aktive prosjekt i 2020 der ei bedrift eller kommune i Rogaland er prosjekteigar/ansvarleg, vil verte overført til RFF Rogaland. Alle andre aktive prosjekt vil verte overført til det nye RFF Vestland. Det betyr at dei nye fonda tek over alle avtalte forplikingar mot prosjekta.

Dette gjeld både kvalifiseringsprosjekt og fleirårige prosjekt.

Tidleg i januar 2020 vil alle prosjekt vil få meir detaljert informasjon om det praktiske rundt overføringa, kontaktinformasjon og nettsider for dei nye fonda.

Vi reknar med at dette ikkje fører til store endringar for prosjekta. Dei nye fylkeskommunane vil i hovudsak vidareføre arbeidet med same personar som før.

Felles postmottak for RFF Vestlandet forsking@hfk.no kan nyttast i ein overgangsfase, dersom du har behov for kontakt.